



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 04.11.2014  
Vår ref.: 2014/19991-3  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## **Forskottering fylkesvegar – utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav – vedtak i fylkestinget**

Vi viser framlagt politisk sak (i vedlegg) og vedtak i fylkestinget 15.10.14 (vedlagt):

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsipsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkjefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løvning.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løvning eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
4. Et fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

Hordaland fylkeskommune ber om at Statens Vegvesen legg desse prinsippa til grunn i kontakt med utbyggjarar der det ligg føre/er sannsynleg at det vil føreliggja rekkefølgjekrav som gjeld fylkesveg. Samferdselsavdelinga ønskjer også å få melding som slike saker i ein tidleg fase.

John Martin Jacobsen  
sekjonsleiar

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkjefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.